

Styremøte, AK, 09.06. 2021

Gjennomført på Teams

Desse møtte: Bjørn Nord, Trond Sættem, Svein Leon Aure, Renate Kaldhussæter og Hanne Iren Øyra

Forfall: Unn Valde

Referent: Hanne Iren Øyra

Sak 1-2021: Godkjenne innkalling

Innkallinga vart godkjend

Sak 2-2021: Konstituering av nytt AK

Styret i AK Møre og Romsdal skikrets 2021-2023:

Svein Leon Aure, Spjelkavik alpin: leiar

Trond Sættem, Rival: nestleiar

Bjørn Nord, Rauma alpin: styremedlem

Renate Kaldhussæter, Stranda alpin: styremedlem

Hanne Iren Øyra, Ørsta alpin: styremedlem

Unn Mari Valde, Stordal IL: styremedlem

Sak 3- 2021: Sentralt vårmøte

Svein Leon Aure og Bjørn Nord møter for AK Møre og Romsdal.

Sak 4-2021: Kretssamlingar for U12- løparar

Spørsmålet om deltaking på kretssamlingar for U12 løparar var behandla av AK også i forrige periode. AK held på beslutninga om at U12 løparar ikkje skal ta del på samlingane for U14 og U16. AK oppmodar klubbane som har løparar i U10/12 som ynskjer å trene på til dømes Juvass om å gå saman og danne eit klubbsamarbeidstilbod. Ein må då sjølvsagt ta ansvar for bestilling av trase og salt. Dette har vore gjort i mange år med gode erfaringar.

Sak 5-2021: Kretssamlingar framover

Ein må på dei neste samlingane ha ein strammare struktur på bakkearbeidet på dei to gruppene. Oppmennene skal ha kontroll på t.d salting, ingen skal salte utan ein plan og utan beskjed frå oppmenn/trenarar. Det vart brukt salt for omlag 25 000 på siste samling, desse pengane går rett i frå AK. Oppmenn på U14 er Trond/Håvard og på U16 er det LP. Ny trenar i kretsen når Anders sluttar vil vere Steingrim Falkesete frå Oppdal. Ein ny kapasitet som vi er heldige å få inn i kretsen.